



VOLDA
KOMMUNE



ØRSTA
KOMMUNE

Det Kongelige Olje- og Energidepartement
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Dato
01.02.2011

ELCERTIFIKAT FOR SMÅKRAFTVERK - FRÅSEGN

Volda og Ørsta kommune syner til høyringsbrev frå departementet av 8. desember 2010 med utkast til lov om elsertifikat.

Regjeringa si satsing på fornybar energi er fornuftig og nødvendig. Volda og Ørsta kommune ser trongen for klimavennleg energi og ei framtidsretta næring. Volda og Ørsta kommune er samd med regjeringa i at ein felles svensk/norsk sertifikatmarknad er ein god måte å skape eit grunnlag for ei slik satsing på fornybar energi.

I Volda og Ørsta kommune er det bygd ut 11 småkraftverk sidan 1. januar 2004, og fleire er no under planlegging og konsesjonshandsaming. Gjennom denne konsesjon og planhandsaminga får kvart einskild prosjekt ei grundig handsaming.

Felles for dei som er bygde ut etter 2004 er at dei har starta utbygging ut frå lovnaden om at dei skulle kome med i elsertifikatmarknaden når den vart etablert. Vi syner i det høve til Stortingsmelding nr 9 (2002-2003), der Stortinget bad regjeringa ta initiativ til at ein felles norsk- svensk grønt sertifikatmarknad skulle etablerast seinast våren 2004.

Vidare viser vi til St. meld. nr 18 (2003-2004) og innstilling frå komiteen, som understreka behovet for at ein snarast må få i stand grøne sertifikat, slik at investering i produksjonsanlegg for ny fornybar energi ikkje stoppa opp.

Volda og Ørsta kommune er glad for at bygdefolket satsar på å utnytte naturgitte ressursar i bygdene til produksjon av fornybar energi. Dette bidreg til optimisme i distrikta og styrking av foretaksevne som er viktig for utviklinga av kommunen. Mange av prosjekta er og finansierte med sikte på at ei sertifikatordning vil kome.

Vi syner elles til alle sentrale politiske markeringar både i 2005, 2006 og 2007 om feed-inn ordning, Enova-tilskot, forhandlingar med Sverige der ein 07.09 2009 vart samde med svenskane om prinsippa for ei felles sertifikatordning frå 01.01.2012, og no endeleg den 08.12.2010 der ein vart samde om ein felles sertifikatmarknad med svenskane.

Postadresse:

Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
postmottak@orsta.kommune.no

Volda kommune tlf: 70 05 87 00
Ørsta kommune tlf: 7005870170 04 97
00

www.volda.kommune.no
www.orsta.kommune.no

Org. nr. Volda: 939 760 946
Org. nr. Ørsta: 939 461 450

Stor er derfor vår undring over at det i lovutkastet sin § 8 punkt b er teke inn ei avgrensing som gjer at elvekraftverk med over 1 MW installert effekt, som vart bygde mellom 1.januar 2004 og 7. september 2009, ikkje skal kome med i ordninga. I Volda kommune er det fleire som har investert i småkraftverk i god tru om å kome med i ordninga, desse kjenner seg no svikta.

Volda og Ørsta kommune bed om lovproposisjonen vert retta opp, slik at § 8 punkt b får ein ordlyd som gjer at alle småskala elvekraftverk som er bygde etter 01.01.2004 vert godkjende som produksjonsanlegg med rett til elsertifikat.

Med helsing

Ragnhild Aarflot Kalland
Ragnhild Aarflot Kalland
Ordfører i Volda
 **ORDFØRAREN I
VOLDA KOMMUNE**

Gudny Fagerhol
Gudny Fagerhol
Ordfører i Ørsta
